



Fyresdal kommune

Rådmannen

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2010/90-11	Ketil O. Kiland, 35067103 ketil.kiland@fyresdal.kommune.no	232	23.06.2011

Eigedomsskatt på kraftanlegg - minimums- og maksimumsverdiar

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2011

Fyresdal kommunestyre ber Regjeringa fremme forslag for Stortinget om å fjerne den særegne ordningen med minimums- og maksimumsverdi i eiendomsskattetakseringa for kraftanlegg.

Ordningen med maksimums- og minimumsverdier står nå fram som sterkt urimeleg sett frå Fyresdal kommune si side, og einsidig i favør av dei største kraftprodusentane som i tillegg har store nedbetalte produksjonsanlegg.

Beregningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta må gjerast stabil og langsiktig, slik at renta aukast.

Fyresdal kommune er ein minsteinntektskommune som avstår ein vesentleg del av sine naturressursar til gjennomføring av fornybarpolitikken og storsamfunnet. Fyresdal kommune finn det rimeleg at den einaste inntekstordninga som speglar den reelle verdiskapinga av vasskrafta får sin forholdsmessige del av dei auka verdiane eigedomsskatt av kraftanlegg gir.

Syner til vedlagte særutskrift/vedtak.

Med helsing

A handwritten signature in black ink.

Ketil O. Kiland

Rådmann



Fyresdal kommune

Arkiv: 232
 Saksmappe: 2010/90-4
 Saksbeh.: Ketil O. Kiland
 Dato: 16.02.2011

Saksframlegg

Eigedomsskatt på kraftanlegg - minimums- og maksimumsverdiar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	36/11	16.06.2011

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Kommunestyret

Dokument i saka:

- Kommunestresak 09/10, Eigedomsskatt for kraftanlegg – minimums- og maksimumsverdiar.
- Støtte til resolusjon vedteken på LVK sitt regionmøte 14.-15. januar 2011.
- LVK høyringsuttale – minimums- og maksimumsverdiar for eigedomsskatt på kraftanlegg med vedlegg oversendt Finansdepartementet 7. juni i år.

Vedlegg:

- Høyring om fjerning av minimums- og maksimumsverdiane på eigedomsskatt – foreløpig innspel frå LVK, datert 31. januar 2011.
- Høyringsbrev om eigedomsskatt for kraftverk frå Finansdepartementet med høyringsnotat om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk, datert 15. april 2011.

Bakgrunn for saka:

Stortinget vedtok i 2003 innføring av maksimumsverdi for kraftproduksjonsanlegg "for å oppnå en større grad av symmetri, slik at "kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet" St.prp. nr. 1 (2003-2004). Dagens regjeringsparti var i mot innføring av ein maksimumsverdi.

Etter gjeldande reglar er det kun naturressursskatten som går inn i grunnlaget for fordeling av rammetilskot i inntektsystemet for kommunane. Inntektene frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og konsesjonsavgifter vert halde utanfor. Departementet meiner at desse spørsmåla må vurderast nærmare, og legg opp til ei høyring der ulike partar, først og fremst vertskommunar, eigarkommunar, og kraftprodusentar blir trekt inn. Regjeringa vil gjennomføre høyringa og legge til rette for arbeidet slik at saka kan leggast fram i statsbudsjettet for 2012.

Høyringsfristen er sett til 15. juli 2011.

I høyringsbrevet frå Finansdepartementet blir det foreslått at maksimums- og minimumsverdiane justerast i åra frametter. Det heiter vidare at ei slik løysing vil balansere argumenta mot nominelt utgreia grenser på den eine sida, og omsynet til budsjett- og fordelingsverknader på den andre sida. Ei slik løysing vil etter departementets sitt høyringsbrev innebere at vertskommunane i åra frametter vil få ein større del av ei ev. inntektsauke i kraftsektoren samanlikna med dagens system.

I høyringa heiter det og at å fjerne maksimumsreglane vil virke negativt på incentiver i samfunnsøkonomisk lønsome vasskraftprosjekt, men på den andre sida har reglane stått nominelt uendra sidan 2004, og grenser i skattesystemet som ikkje justerast, vil over tid ikkje reflektert same realverdi.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2011 – 2014, sektormål for tenesteproduksjon der det heiter : Oppretthalde same økonomiske handlefrihet.

Eigedomsskatten er frådragsberettiga ved berekning av ordinær inntektskatt og grunnrenteskatt, slik at staten vil få eit direkte provenytap på om lag 490. mill. kr. For kraftverkseigarane aukar netto skatteinflusjon med kr 350 mill. kr dersom maksimums- og minimumsreglane vert oppheva. Ettersom staten også er ein betydeleg kraftverkseigar gjennom Statkraft, kan samla provenytap for staten kunne utgjere om lag 640. mill. kr. Makstaket gir i sum for verkskommunane eit inntektstap på kr 840. mill. kr.

Med dei siste års kraftpriser har snart alle nådd maksimumsverdiar (88%) og minimumsverdiane er difor ikkje lenger aktuelt.

Ingen andre skattobjekt enn kraftproduksjonsanlegg har slike min. og maks. verdiar. Dette fører til at kraftselskapa får ein eigen skatterabatt. Fyresdal kommune sitt årlege eigedomsskattetap som følgje av maksimumstaket utgjer pr. i dag kr 2.173.233,-.

51% av kraftanlegga får ein nedgang i eigedomsskattegrunnlaget frå 2010 til 2011.

Når makstaket er nådd for dei fleste verkskommunane vil dei ikkje bli del i auka kraftprisar, bare produksjonsnedgang som vil gi redusert eigedomsskattegrunnlag. Er dette rimeleg?

Fyresdal kommune har ikkje kraftkrevjande industri og får difor ikkje nyttigjort seg potensialet i som ligg i konsesjonsavgiftssystemet. Dette fører til at fylkeskommunen gjennom denne ordninga får overført store årlege summar. Det er og verdt å merke seg at større bykommunar er eigarkommunar og tar ut store ekstra utbyte som ein konsekvens av den auka straumprisen. Er det da rimeleg at dette utbyte skal aukast ytterlegare med at ein maksverdi for eigedomsskatt fører til at verkskommunane ikkje blir del av denne verdiskapinga?

Når eigarkommunar, fylkeskommunar, og staten aukar sine inntekter frå vasskraftproduksjon både på grunn av meir vasskraft og ein auka verdi av vasskrafta, inneber det ei verdioverføring frå distriktskommunar til sentral bykommunar og staten. Det er urimeleg at verkskommunane som har dei største miljømessige konsekvensane, ikkje får sin forholdsressursmessige del av dei auka verdiene gjennom eigedomsskatt. Dette også ut frå at 73% av kraftkommunane er såkalla minsteinntektskommunar der Fyresdal kommune er ein av dei.

Implementering av EUs fornybardirektiv vil kreve meir vasskraftutbygging.

Det er tverrpolutisk semje om at klimapolitikken vil kreve store bidrag frå det norske samfunnet der vasskraft kan kome til å spele ei viktig rolle på dette området.

Det blir i dag lagt mykje vekt på kva haldning verkskommune har til ny vasskraftutbygging. Det vil difor vere eit viktig element i fornybarpolitikken at kommunane beheld ein forholdsressursmessig del av naturverdiene som fornybarsatsinga vil kreve. Eigedomsskatt varierande med objektive og oppnådde marknadsverdiar er eit grunnleggande fundament i samfunnskontraktene med dei berørte distrikta.

Kvífor skal verkskommunane vere positiv til fortsatt vasskraftutbygging dersom deira del av framtidig verdiskaping blir avskore og ulempene blir større enn fordelane?

Nå når maksimumsverdien er nådd for dei fleste kraftproduksjonsanlegg blir det ei fast avgift og ikkje ei reel skatteordning. Dette er i strid med hovudføremålet ved verdsetttingsreglane for kraftproduksjonsanlegg jf skattelova § 18-5 der " beregnet formuesverdi skal tilsvare markedsverdien av kraftverkene" som det blei halde fram i St. prp. nr. 1, 2003-2004. Det vil

også føre til at Stortinget sine føresetnader om at kommunane skulle få ”økt inntekter i perioder med stigende kraftpriser” jf. proposisjonen s. 58 første spalte, ikkje vil bli oppfylt.

Mange av verkskommunane er ramma av reduksjon i folketal og dermed mindre statlege rammeoverføringer. Når da desse kommunane i mindre grad blir ein del av den omfordelingspolitikken som skjer via desse overføringane er det da rett at dei same kommunane, grunna ei heilt spesiell skatteordning, skal gje frå seg store verdiar til eigarkommunar som både har vekst i folketal og dermed auka rammeoverføringer og samstundes tar ut ekstremt store eigarutbytte, jf. Oslo kommune som i 2010 tok ut 2,8 mrd. kr.

Småkraftverk betalar i dag eigedomsskatt basert på saldoverdien av kraftverket. Ved å ikkje fjerne maksverdiane i eigedomsskatteberekinga vil dei store magasinkraftverka med nedbetalt produksjonsanlegg bli tilgodesett ytterlegare, mens dei små verka med større utbyggingskostnader forholdsvis må betale langt meir eigedomsskatt. Nok eit døme på at eigedomsskatteordninga for kraftverk ikkje er oppdatert da det gis ein større skatterabatt til dei mest lønsome kraftforetaka.

Eit anna døme er Olje- og gasssektoren som ikkje får skatterabatt på ilandsføringsanlegg for olje og gass. Kva er begrunnelinga for at dei mest lønsome kraftverka våre skal ha ei særskilt gunstig skatteordning?

I dag selgjast og byggast det kraftverk langt utover makstakgrensa på 2,35 kr/kwh. Naturlegvis er dette ut frå dagens situasjon også lønsome verk og at tidlegare makstakgrense for lengst er gått ut på dato da hovudregelen for eigedomsskatt er at skatten skal byggast på reelle marknadsverdiar.

Avvikling av min- og maksverdiane må vurderast i samanheng med kapitaliseringssrenta. Auka kapitaliseringssrente vil redusere eigedomsskattegrunnlaget og virke motsatt av å fjerne maksverdien. Ved å endre beregningsgrunnlaget for kapitaliseringssrenta slik at denne aukast og gjerast stabil og langsiktig vil det gje ei moderat auke i eigedomsskatten til kommunane.

Konklusjon:

Eigedomsskatten med sine min- og maksverdiar framstår i dag som ei rein avgift uavhengig av lønsemeld, og omsetningsverdi. Dette er eit brot på skatteveprinsippet og bryt med prinsippet bak kraftskattereforma om betre å fange opp dei reelle marknadsverdiane. Maksimumsverdi fører til at verkskommunane som og har dei største ulempene med kraftutbygging blir avskore frå sin del av framtidig verdiskaping som vil gi eit disentiv for verkskommunar si tilslutning til ny vasskraftutbygging.

Eigedomsskatt på kraftanlegg er den einaste inntekstordning som speglar den reelle verdiskapinga vasskrafta står for. På same måten som staten og eigarkommunane får utbyte og overskotsskattar.

Fyresdal kommune har tidlegare støtta opp om resolusjon vedtek på LVK sitt regionmøte 14. og 15. januar 2011 og størt opp om den breie og grundige høyTINGSUTTALA LVK har gitt til Finansdepartementet i denne saka 7. juni i år. Fyresdal kommune har utover å støtta opp om LVK sitt arbeid vurdert saka så viktig for kommunen at ein har utarbeida eiga høyTINGSUTTALE.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal Kommunestyre ber Regjeringa fremme forslag for Stortinget om å fjerne den særegne ordningen med minimums- og maksimumsverdi i eiendomsskattetakseringa for kraftanlegg.

Ordningen med maksimums- og minimumsverdier står nå fram som sterkt urimeleg sett frå Fyresdal kommune si side, og einsidig i favør av dei største kraftprodusentane som i tillegg har store nedbetalte produksjonsanlegg.

Beregningssgrunnlaget for kapitaliseringssrenta må gjerast stabil og langsiktig, slik at renta aukast.

Fyresdal kommune er ein minsteinntektskommune som avstår ein vesentleg del av sine naturressursar til gjennomføring av fornybarpolitikken og storsamfunnet. Fyresdal kommune finn det rimeleg at den einaste inntekstordninga som speglar den reelle verdiskapinga av vasskrafta får sin forholdsmessige del av dei auka verdiene eigedomsskatt av kraftanlegg gir.

Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2011

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2011

Fyresdal kommunestyre ber Regjeringa fremme forslag for Stortinget om å fjerne den særegne ordningen med minimums- og maksimumsverdi i eiendomsskattetakseringa for kraftanlegg.

Ordningen med maksimums- og minimumsverdier står nå fram som sterkt urimeleg sett frå Fyresdal kommune si side, og einsidig i favør av dei største kraftprodusentane som i tillegg har store nedbetalte produksjonsanlegg.

Beregningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta må gjerast stabil og langsiktig, slik at renta aukast.

Fyresdal kommune er ein minsteinntektskommune som avstår ein vesentleg del av sine naturressursar til gjennomføring av fornybarpolitikken og storsamfunnet. Fyresdal kommune finn det rimeleg at den einaste inntekstordninga som speglar den reelle verdiskapinga av vasskrafta får sin forholdsmessige del av dei auka verdiene eigedomsskatt av kraftanlegg gir.

Ketil O. Kiland	
rådmann	